

Til lotteriverdige organisasjonar

Informasjon om rekneskapsrapportering for 2021

Dykkar foreining er godkjent som lotteriverdig organisasjon og skal årleg rapportere sentrale rekneskapstal frå årsregnskapet inn til Lotteritilsynet.

Fristen for rapportering er 1. juni 2022.

Foreininga sine samla inntekter og utgifter i 2021 skal rapporterast. I tillegg skal overskot frå eventuelle lotteri og/eller bingo spesifiserast på skjemaet. Vidare ber vi om ei kort oversikt av korleis desse inntektene vart disponerte i rekneskapsåret. Ved avvikande rekneskapsår, skal de rapportere frå rekneskapen som vart avslutta i 2021.

Plikta til å rapportere gjeld sjølv om foreininga ikkje hadde lotteri eller bingo i 2021.

De kan levere rekneskapsskjemaet elektronisk via Altinn på eller på papirskjema. Lenker til skjema finn de på denne sida: <https://lottstift.no/for-aktorer/sok-om-godkjenning-som-lotteriverdig-organisasjon/rekneskapsrapportering-for-lotteriverdige-organisasjonar/>

Slik ser skjema ut når du går inn i Altinn og søker opp Lotteritilsynet sine skjema:

Lotteri- og stiftelsestilsynet

Pliktig rekneskapsskjema for godkjente lotteriverdige organisasjonar LT-R-001

Organisasjonen sine samla inntekter, utgifter og overskot frå eventuelle lotteri/bingo skal rapporterast. Plikta til å rapportere gjeld sjølv om foreininga ikkje hadde lotteri eller bingo i rapporteringsåret.

De skal ikkje sende inn andre dokument enn ferdig utfylt rekneskapsskjema. Ver merksam på at manglande rapportering fører til at foreininga si godkjenning, og ev. lotteriløyve, blir kalla tilbake/sletta.

Det er viktig at kontaktopplysningar om foreininga til ei kvar tid er ajourført i Altinn og i Enhetsregisteret i Brønnøysund. Vi bruker opplysningane der i vår sakshandsaming.

Har de spørsmål til rapporteringa? Kontakt oss på <https://lottstift.no/kontakt-oss/> eller på telefonnr. 57 82 80 00

Med helsing
Lotteritilsynet

Til lotteriverdige organisasjoner

Informasjon om regnskapsrapportering for 2021

Deres forening er godkjent som lotteriverdig organisasjon og skal årlig rapportere sentrale regnskapstall fra årsregnskapet inn til Lotteritilsynet.

Fristen for rapportering er 1. juni 2022.

Foreningen sine samlede inntekter og utgifter i 2021 skal rapporteres. I tillegg skal overskudd fra eventuelle lotteri og/eller bingo spesifiseres på skjemaet. Videre ber vi om en kort oversikt over hvordan disse inntektene ble disponerte i regnskapsåret. Ved avvikende regnskapsår, skal dere rapportere fra regnskapet som ble avsluttet i 2021.

Plikten til å rapportere gjelder selv om foreningen ikke hadde lotteri eller bingo i 2021.

Dere kan levere regnskapsskjemaet elektronisk via Altinn eller på papirskjema. Lenker til skjema finner dere på denne siden: <https://lottstift.no/for-aktorer/sok-om-godkjenning-som-lotteriverdig-organisasjon/rekneskapsrapportering-for-lotteriverdige-organisasjonar/>

Slik ser skjema ut når du går inn i Altinn og søker opp Lotteritilsynet sine skjema:

Lotteri- og stiftelsestilsynet

Pliktig regnskapsskjema for godkjente lotteriverdige organisasjoner LT-R-001

Organisasjonens samlede inntekter, utgifter og overskudd fra eventuelle lotteri/bingo skal rapporteres. Plikten til å rapportere gjelder selv om foreningen ikke hadde lotteri eller bingo i rapporteringsåret.

Dere skal ikke sende inn andre dokument enn ferdig utfylt regnskapsskjema. Vær oppmerksom på at manglende rapportering fører til at foreningen sin godkjenning, og ev. lotteritillatelse, blir kallet tilbake/slettet.

Det er viktig at kontaktopplysninger til foreningen til enhver tid er ajourført i Altinn og i Enhetsregisteret i Brønnøysund. Vi bruker opplysningene der i vår saksbehandling.

Har dere spørsmål til rapporteringen? Kontakt oss på <https://lottstift.no/kontakt-oss/> eller telefonnr. 57 82 80 00

Med helsing
Lotteritilsynet

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Organisasjonsnummer
Lotteri- og stiftelsestilsynet	Storehagen 1 B	57 82 80 00	982 391 490
Postboks 800	6800 Førde		E-post
6805 Førde			postmottak@lottstift.no